Kinn kommune

Open tilbudskonkurranse etter FOA del I og II

KONKURRANSEGRUNNLAG

Del I Konkurransebeskrivelse

for anskaffelse av

Tak Skavøypoll skule

Saksnr: 26/5926

Oppdragsgivar:
Kinn Kommune

Versjon 1 – 30.01.2026

Kinn kommune

Innhald

1 GENERELL BESKRIVELSE 3
1.1 Oppdragsgiver 3
1.2 Anskaffelsens formål og omfang 3
1.3 Kontraktsbestemmingar 4
1.4 Antall leverandørar 4
1.5 Planlagt framdrift 4
1.6 Oppbygging av konkurransegrunnlaget 4
2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBUD 5
2.1 Anskaffelsesprosedyre 5
2.2 Taushetsplikt 5
2.3 Offentlegheit 6
2.4 Skatteattest 6
2.5 Vedståingsfrist 6
2.6 Leverandørens deltakingskostnadar 6
2.7 Kunngjering 7
2.8 Spørsmål til, oppdateringar av konkurransegrunnlaget samt tilleggsopplysningar 7
3 KVALIFIKASJONSKRAV 7
3.1 Leverandørens registrering, autorisasjon mv. 7
3.2 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar 7
4 KRAV TIL TILBODET 8
4.1 Tilbodets struktur 8
4.2 Språk 9
4.3 Innlevering av tilbod 9
4.4 Avvik frå konkurransegrunnlaget 9
4.5 Deltilbod 9
4.6 Parallelle tilbod 10
4.7 Alternative tilbod 10
5 TILDELING OG EVALUERING 10
5.1 Tildelingskriterium 10
5.2 Evalueringsmetode 10
5.3 Klima- og miljøkrav i konkurransegrunnlaget, jf. FOA § 7-9 10
6 AVSLUTNING AV KONKURRANSEN 11
6.1 Beskjed om valt leverandør og karensperiode ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
6.2 Avlysning av konkurransen og totalforkastelse 11
6.3 Meddelelse om val av leverandør og karensperiode 11

Kinn kommune

1 GENERELL BESKRIVELSE

1.1 Oppdragsgiver

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Kinn kommune. Kinn kommune er ein kystkommune, sentralt plassert mellom Bergen og Ålesund. Kommunen med sine ca 17.400 innbyggjarar er den 8. største kommunen i Vestland fylke. Kommunen vart samanslått 1.1.2020 av tidlegare Flora kommune og Vågsøy kommune.

1.2 Anskaffelsens formål og omfang

Kinn kommune skal gjennomføre utbetring av taket på Skavøypoll skule. Formålet med anskaffinga er å sikre bygget mot vidare fuktinntrenging og etablere ei varig, komplett og handverksmessig god takkonstruksjon, tilpassa eksisterande bygningsmasse og vidare drift av skulen.

Arbeidet omfattar i hovudsak riving, utbetring og reetablering av eksisterande skifertak. Eksisterande tak er eit uisolert skråsperretak med takbord, duk, lekter og skifertekking. Taksperrer og underliggjande berekonstruksjon skal i utgangspunktet bestå, medan skadde takbord skal skiftast etter nærare vurdering under utføringa. Det er anslått at om lag 10 % av takborda må bytast. Eksisterande lekter og duk skal rivast i si heilheit, og det skal etablerast nytt undertaksbelegg, lufta takkonstruksjon med sløyfer og lekter, samt ny og remontert skifertekking.

Øvste tredel av eksisterande skifer skal demonterast, reingjerast og leverast til byggherre, medan nedste to tredelar skal demonterast og remonterast på øvre del av taket. På nedre del av taket skal det leggast ny skifer. Dei eksisterande fem takvindauga skal fjernast og ikkje remonterast; det skal i staden etablerast samanhengande takflate over desse felta. Arbeidet omfattar òg nødvendige beslag, takrenner, nedløp, snøfangarar, takstigar, vindskier, forkantbord, møne, tilpassing av gavlar og øvrige tilhøyrande bygningsmessige arbeid.

Det skal etablerast tilstrekkeleg vindforankring mellom taksperrer og underliggjande berekonstruksjon, og vidare forankring ned til bærande element. Gjennomføringar på taket, mellom anna ventilasjonsutslepp og pipehatt med beslag, skal demonterast, kontrollerast og remonterast. Arbeidet omfattar også riving og eventuell reetablering av delar av gavlvegger og fasadeplater der dette er nødvendig for å oppnå ei komplett løysing.
Entreprenøren skal medrekne nødvendig rigg, drift og avvikling av byggeplass, avfallshandtering, sluttdokumentasjon og alle ytingar som er nødvendige for eit komplett arbeid. Arbeidet skal utførast medan skulen er i full drift, og entreprenøren skal planleggje og gjennomføre arbeida slik at tryggleiken til elevar, tilsette og andre brukarar av skuleområdet vert ivareteken både i og utanfor skuletida. HMS- og SHA-tiltak, inkludert sikring av uteområde og inngangsparti, skal vere inkludert i leveransen.

Arbeidet skal utførast etter NS8406 med planlagt gjennomføring og ferdigstilling sommaren 2026.

Skavøypoll skule er ein barneskule, så i skuleferien er det ikkje born i bygningane. Etter 17. august er det full drift, så om ikkje arbeidet er ferdig innan den datoen stiller det særskilte krav til entreprenørens evne til planlegging, HMS, hygiene og omsyn til elever og tilsette daglege rutinar.

Det er planlagt felles tilbodssynfaring med påmelding.

For komplett skildring av oppdraget, sjå vedlegg.

1.3 Kontraktsbestemmingar

Avtaleforholdet regulerast av NS 8406.
Antall leverandørar: For oppdraget skal det inngås avtale med ein leverandør.

1.4 Planlagt framdrift

Oppdragsgivar har lagt opp til følgande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering	19.06.2026
Synfaring med påmelding innen 23.06.2026 (synfaring er frivilig, men vi anbefaler at alle deltek på denne)	25.06.2026 kl 12:00
Frist for å stille spørsmål	29.06.2026 kl. 10:00
Frist for å levere tilbod	03.07.2026 kl. 10:00
Evaluering	03. – 07. 07.2026
Tildeling og meddelelse om val av leverandør	07.07.2026
Karensperiode	Vil fremgå av tildelingsmelding
Ferdigstilling	I løpet av 2026
Tilbodets vedståelsesfrist	Tre månader etter tilbodsfrist

Det gjøres oppmerksom på at tidspunkta etter opning av tilboda er foreløpige. Ei eventuell forlengast av vedståelsesfrist kan berre skje med leverandørens samtykke.

1.5 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget er bygd opp på følgande måte:

Vedlegg	Innhald	Informasjon
1 1A	Beskrivelse takarbeid Skavøypoll skule	Fyllast ut og leverast med tilbodet
A	Teikning geometri Skavøypoll skule	
B	Fotosamling synfaring 03.09.2025	
2	Tilbodsskjema	Fyllast ut og leverast med tilbodet
3	Forpliktelseserklæring	Fyllast ut og leverast med tilbodet. Skal berre leverast dersom leverandøren støtter seg på kapasiteten til ei anna verksemd.
4	Seriøsitetskrav Kinn kommune	
5	SHA-Plan	

2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBUD

2.1 Anskaffelsesprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Vald prosedyre er open tilbodskonkurranse, jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar. Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført med ein eller fleire dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Det gjøres oppmerksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffelsesdokumenta skal avvisast etter forskrift om offentlige anskaffelser § 9-6. Oppdragsgivar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. § 9-6 i forskrifta.

2.2 Taushetsplikt

Oppdragsgivar og dennes tilsette plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. FOA § 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

2.3 Offentlegheit

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffelsesprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokoller som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokon unntak frå innsynsretten i offentleglova, deriblant unntak for innsyn i opplysningar som er underlagt taushetsplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13.

Leverandørane skal angi i tilbodsskjemaet (Vedlegg 2) kva opplysningar de meiner er unntatt innsyn, og kvifor leverandøren meiner opplysningane er unntatt innsyn. Ved krav om innsyn skal oppdragsgivaren uavhengig av dette vurdere hvorvidt opplysningane er av en slik art at oppdragsgivaren plikter å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29.

Oppdragsgivar er pålagt å følge prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

2.4 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

2.4.1 Underleverandørars skatteattest

Valte leverandør skal tilsvarande krevje skatteattest frå alle sine underleverandørar ved inngåelse av kontraktar i tilknytning til oppdraget, som overstiger en verdi på kr. 500 000 ekskl. mva, jf. FOA § 7-2 3. ledd. Valte leverandør skal på førespurnad kunne framvise innkrevede skatteattestar til oppdragsgivar som dokumentasjon på at kravet er oppfylt.

2.5 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.5 ovanfor.

2.6 Leverandørens deltakingskostnadar

Kostnader som leverandøren pådrar seg i forbindelse med deltaking i denne anskaffelsesprosessen vil ikkje bli refundert.

2.7 Kunngjering

Anskaffinga er kunngjort i Doffin (sjå www.doffin.no), og konkurransegrunnlaget er tilgjengeleg i konkurransegjennomføringsverktøyet EU-Supply (www.eu-supply.com/login.asp).

2.8 Spørsmål til, oppdateringar av konkurransegrunnlaget samt tilleggsopplysningar

Eventuelle spørsmål til konkurransen skal sendes inn via EU-supply. Det skal ikkje være kommunikasjon med oppdragsgivar om konkurransen gjennom andre kanalar enn EU-Supply. Spørsmål vil bli besvart i anonymisert form og vil bli sendt til alle som har registrert seg som mottakar gjennom EU-Supply.

Dersom leverandøren finner at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg veiledning, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar via EU-Supply. Dersom det oppdagast feil eller uklarheter i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette formidles via EU-Supply.

Eventuelle rettelser, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget vil også bli formidla via EU-Supply.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Leverandørens registrering, autorisasjon mv.

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal være registrert i et foretaksregister, fagleg register eller et handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	**Norske leverandørar:** Firmaattest **Utanlandske leverandørar:** Godtgjørelse på at selskapet er registrert i foretaksregister, fagleg register eller et handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

3.2 Leverandørens sin økonomisk og finansiell kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Det vert kravd at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig, med kredittverdig menes: **Score på tilfredsstillande eller betre på minst to av kriteria soliditet, likviditet og lønnsomhet.**	Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff Forvalt. For leverandørar som ikkje oppfyller krava ovanfor kan ein levere annen dokumentasjon som syner at tilbydar er kredittverdig.

3.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Det vert kravd at leverandøren har erfaring med tilsvarande oppdrag for offentlege eller private byggherrar i Noreg. Med liknande meinast minst to oppdrag med demontering/ remontering eller legging av skifertak, med verdi/omfang omtrent som dette eller større.	Det skal leggast ved referanseliste for minst 2 liknande oppdrag siste 5 år der ein gjev opp kunde, kontaktpersonen sitt namn og telefonnummer, omfang, verdi og varigheit av avtalen.

3.4 Leverandørens kvalitetssystem

Krav	Dokumentasjonskrav
Det vert kravd at leverandøren har eit verksamt kvalitetssystem.	Leverandør skal dokumentere kva kvalitetssystem verksemda nyttar. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som ISO 9001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner kvalitetssystemet si oppbygging og verkeområde.

3.5 Leverandørens miljøleiingssystem

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal dokumentere rutinar for miljøstyring knytt til avfallshandtering, transport og materialbruk.	Leverandør skal dokumentere kva rutinar ein har for miljøstyring. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som Miljøfyrtårn, ISO 14001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner rutinar for miljøstyring knytt til avfallshandtering, transport og materialbruk.

4 KRAV TIL TILBODET

4.1 Tilbodets struktur

Oppdragsgivar anmoder tilbydarane om å strukturere tilbodet sitt i.h.t. følgande inndeling:

Vedlegg	**Dokumentasjon**
1.	Signert og utfylt tilbodsskjema, sjå vedlegg 2 til konkurransegrunnlaget
2.	Utfylt beskrivelse takarbeid – Vedlegg 1
3.	Firmaattest jf. pkt. 3.1.

4.	Referanser jf. pkt. 3.3
5.	Dokumentasjon på kvalitetssystem jf. pkt. 3.4
6.	Dokumentasjon på miljøleiingssystem jf. pkt. 3.5
7.	Framdriftsplan
8.	Eventuell underleverandørs forpliktelseserklæring, sjå vedlegg 3 til konkurransegrunnlaget

4.2 Språk

Tilbodet skal være utforma på norsk.

4.3 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast i elektronisk format i EU-Supply.

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt er besvart og dokumentert i tilbodet. Tilbod som ikkje er levert inn som angitt innan innleveringsfristen, kan bli avvist. Leverandør bærer sjølv risiko for at tilbod kommer frem i rett tid.

Etter tilbodsfristens utløp vil det ikkje være mogleg å sende inn tilbod i EU-Supply. Tilbod som ikkje kommer inn innan tilbodsfristen vil bli avvist frå konkurransen. Leverandøren bærer sjølv risikoen for at tilbod kjem fram i rett tid.

Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet, for eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte.

4.4 Avvik frå konkurransegrunnlaget

Eventuelle atterhald og avvik frå konkurransedokumenta skal oppgis eintydig i tilbodsskjemaet (vedlegg 2), slik at oppdragsgivar kan evaluere tilbodet. Leverandøren skal angi kva konsekvensar eventuelle atterhald og avvik har for tilbodet, herunder priskonsekvens.

Tilbydarane bes gjere seg kjent med avvisningsreglane i FOA kapittel 9. Vesentlege avvik (inkl. atterhald) vil kunne føre til avvising av tilbodet, jf. FOA § 9-6.

Oppdragsgivar tilrår at tilbydaren stiller spørsmål i forkant av tilbodsinnleveringa om forståinga av konkurransegrunnlaget, heller enn å leggja inn atterhald/avvik i tilbodet, jf. den risikoen slike inneber.

4.5 Deltilbod

Det er ikkje adgang til å gi tilbod på deler av oppdraget.

4.6 Parallelle tilbod

Det er ikkje anledning til å levere parallelle tilbod.

4.7 Alternative tilbod

Eit alternativt tilbod er et tilbod som på oppdragsgivarens oppfordring beskriver en annan løysning enn den som er beskrive i anskaffelsesdokumenta.

Det er ikkje anledning til å levere alternative tilbod.

5 TILDELING OG EVALUERING

5.1 Tildelingskriterium

Kontrakt vil bli tildelt basert på følgande tildelingskriteria:

Tildelingskriterium	Dokumentasjon	Vekt
Pris	Ferdig utfylt tilbodsskjema (vedlegg 2)	100%

5.2 Evalueringsmetode

5.2.1 Pris

Kontrakt tildeles tilbudet med lavest samlet totalpris eks. mva., forutsatt at leverandøren er kvalifisert og tilbudet ikke avvises.

5.3 Klima- og miljøkrav i konkurransegrunnlaget, jf. FOA § 7-9

Oppdragsgivar vurderer at dei største miljøeffektane i denne anskaffinga ligg i å sikre faktisk ombruk av eksisterande skifer, redusere byggavfall, krevje sortering/gjenvinning, stille krav til lovleg trevirke og miljødeklarerte/lavutslippsprodukt der relevant, samt redusere utslepp frå byggeplass og transport. Desse effektane blir best sikra gjennom absolutte krav i kravspesifikasjonen og kontrakten, fordi tildelingskriterium berre premierer meir eller mindre gode løysingar utan å garantere at miljøtiltaka faktisk blir gjennomført. Marknaden er vurdert som moden for krava, og krava er forholdsmessige for eit takrehabiliteringsprosjekt av denne storleiken.

Det er stilt konkrete klima- og miljøkrav, mellom anna knytt til:

- Ombruk av skifer
- Avfallsplan og sluttrapport
- Ombruk og materialgjenvinning før deponi
- Trevirke
- Substisjon av helse og miljøfarlege stoff
- Transport til byggeplass
- Miljøoppfølgingsplan

Krava er bindande for leverandøren og vil bli følgt opp i kontraktsgjennomføringa.

På bakgrunn av dette vurderast det som mest føremålstenleg å stille absolutte miljøkrav i kravspesifikasjonen. Dette sikrar at miljøomsyn vert ivaretekne på ein føreseieleg og etterprøvbar måte for alle tilbydarar.

6 AVSLUTNING AV KONKURRANSEN

6.1 Avlysning av konkurransen og totalforkastelse

Oppdragsgivar forbeholder seg retten til å avlyse konkurransen eller forkaste alle tilbod, dersom det føreligger sakleg grunn, jf. FOA § 9-4.

6.2 Meddelelse om val av leverandør og karensperiode

Oppdragsgivar informerer alle leverandørar skriftleg og samtidig om kven oppdragsgivar har til hensikt å tildele kontrakt til så snart val av leverandør er gjort.

Meddelelsen vil innehalde en grunngjeving for valet og angi karensperioden frå tildelinga gjerast kjent til kontraktsignering er planlagt gjennomført (kontraktsinngåelsen).

Dersom oppdragsgivaren finner at tildelingsbeslutninga ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan beslutninga annullerast frem til kontrakt er inngått.